



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **9. mars til 15. mars**



Måndag 9. Kl. 11.30 - Dagkino - Bømlo kulturhus

Dagkino er eit tilbod til dei godt vaksne. Det blir vist gode kvalitetsfilmar og inkl. i billettprisen er kaffi/te og noko søtt etter filmen. Bill.pris kr 150



Tysdag 10. Kl. 10.00 - Seniortur - Siggjo rundt

Bømlo turlag arrangerer Siggjo rundt tur denne tysdagen. Middels krevjande tur. Oppmøte og start er ved Svortland skule kl 10.00.



Onsdag 11. Kl. 18.00 - Berekraftig kulturproduksjon - Bømlo folkebibliotek

Biblioteket arrangerer workshop med SHIFTIT, senter for sirkulær kulturproduksjon. Kurshaldarar er Camilla Svingen og Ingrid Saltvik Faanes. Les meir om arrangementet på bomlobibliotek.no



Fredag 13. Kl. 06.30 - Symjing/trim - Bømlo symjehall

Her kan du symje i begge bassenga, alt etter ynskje. Bill.pris kr 95



Laurdag 14. Kl. 12.00 - Laurdagskafe - Rubbestadnes bedehus

Sal av graut, kaffi og kaker og åresal frå kl. 13.30.



Laurdag 14. Kl. 20.00 - Havdur og Sigurd Sele - Bømlo kulturhus

Mannskoret Havdur og Sigurd Sele syng Cornelius Vreeswijk. Med varme røyster og musikalsk nærvær gjev dei nytt liv til dei tidlause songane hans. Bill. kan kjøpast på bomlokulturhus.no og pris er kr 395

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Om fullmakt og verjemål




Foto: Nasjonalt senter for Aldring og helse

Dei ulike fullmaktsordningane kan vere utfordrande å skilje frå kvarandre. Her får du ei kort oppsummering:

- Med ei **fullmakt** kan du gi ein annan person myndigheit til å handle på dine vegner.
- **Legalfullmakt** meiner at du som nærstående kan gjere dagleg økonomiske disposisjonar for eit familiemedlem som ikkje klarer seg sjølv. Du kan ikkje gjere større disposisjonar, som sal av fast eigedom, eller ivareta personlege interesser, som å søke om tenester frå kommunen eller NAV. For dette trengs framtidsfullmakt eller verge.
- **Framtidsfullmakt** lar deg velje kven som skal ivareta dine økonomiske og personlege interesser når du ikkje kan. Det er ei privat ordning der du kan skreddarsy fullmakta etter behov. Du kan til dømes bestemme at fullmektigen skal selje fast eigedom eller dele ut forskot på arv. Uten ein framtidsfullmakt vil det vanlegvis bli oppnemnt ein verge.
- Ei **vedvarande fullmakt** er ein vanleg fullmakt som blir ei framtidsfullmakt.
- **Verjemål** er ein offentleg hjelpeordning for dei som treng hjelp til å ivareta egne interesser og som ikkje har andre alternativ, som legalfullmakt eller framtidsfullmakt. Statsforvaltaren fører tilsyn med verger, som må følgje reglane i verjemålslova. Vergen må søke om godkjenning frå statsforvaltaren for større disposisjonar, som å dele ut forskot på arv eller selje fast eigedom.
- Sjå også <https://www.aldringoghelse.no/>

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00